# vår meining

redaksjon@firdaposten.no

■ Firdaposten tar gjerne imot brev frå lesarane. Redaksjonen kan forkorte innlegg som er for lange. Alle innlegg skal vere underteikna med fullt namn. Vi ser helst at du sender innlegg via e-post til redaksjon@firdaposten.no



Redaktør
**ARVE SOLBAKKEN**

Firdaposten er ei partipolitisk uavhengig avis som kjem ut på kysten av fylket tysdag, torsdag og laurdag.

Firdaposten arbeider etter «Vær Varsom-plakaten». Den som meiner seg råka av urettmessig avisomtale, blir oppmoda om å kontakte redaktøren. Pressens Faglige Utvalg (PFU) er eit klageorgan oppnemnt av Norsk Presseforbund. PFU har medlemer frå presseorganisasjonane og frå ålmenta, og handsamar klager mot pressa i presseetiske spørsmål.

**Prinsensgt. 1,**
**Postboks 46 Sentrum,**
**0101 OSLO**.
Telefon: **22 40 50 40**.
Fax: **22 40 50 55.**

## Eit byjubileum som peikar framover

Den stormfulle nyttårshelga kulminerte andre nyttårsdag i ein eventyrleg flott vintersøndag der naturen presenterte seg som det aller vakraste julekort. Vi konstaterer at avgjerda om å utsetje jubileumsfyrverkeriet frå nyttårsaftan til denne klare og rolege vinterdagen, var ei klok avgjerd,

Fyrverkeriet sette eit flott og verdig punktum for eit vellykka jubileumsår. Jubileumsgeneral Edvin Helgheim og medspelarane hans lukkast til fulle med ei feiring som ikkje berre var konsentrert rundt sjølve bybursdagen den 16. mai.

Tanken om å la flest muleg i lokalsamfunnet bidra til å markere jubileet, førte til at vi fekk ein suksess som Fjordsteam første helga i august. Den festivalen viste at det er fullt muleg å lage ein stor folkefest utan både britiske superstjerner og Tande P. Nostalgisk interesse for veteranskip og bilar drog folk til Florø i hopetal og skapte ei ugløymande helg i kystbyen.

**«Det breie folkelege engasjementet for byjubileet viser kor mykje positive krefter vi nyt godt av»**

I desember fekk vi sjå eit anna døme på kor viktige eldsjeler og ressurspersonar i lokalmiljøet er for ei positiv utvikling. Då fekk initiativtakar Magne Hovland, Sigmund Frøyen og Jan Henrik Nygård i styret i stiftinga Sørstrand Folkepark ei gåve på 800 000 kroner frå Gjensidigestiftelsen. Pengane skal gå til arbeidet med å etablere ei badestrand i folkeparken på Sørstrand i Florø.

Jon Gimmestad i Gjensidigestiftelsen poengterte at søknaden frå Sørstrand Folkepark var uvanleg god, og at lokalsamfunn på Vestlandet er i ein eigen divisjon på dugnad og å løfte i flokk.

Det har vi også sett meir av i jubileumsåret 2010. Florø by kan smykke seg med fleire nye skulpturar og fekk også ein eigen musikal og ein ny musikkpaviljong ved Likkjevatnet som gåve frå songkoret Jomentum.

Til sommaren får byen realisert endå ei jubileumsgåve når Monicha Landøy opnar sitt byakvarium i Strandgata. På toppen av alt kan fullføringa av utkikstårnet i Likkjeåsen setje ei fenomenalt punktum for jubileet. Eit jubileum prega år av folkeleg engasjement og felles løft. Det lovar godt for framtida.

**SEI DI MEINING PÅ**
www.firdaposten.no

# di meining

## Miljøskadar av vasskraftutbyggingane

**ASBJØRN MASSNES**
Kystpartiet i Sogn og Fjordane, v/nestleder

*Ope brev til NVE*

Kystpartiet kan ikkje sjå at me har fått svar på vårt brev datert 19.08.10, vedrørande kva NVE planlegg å gjere for å rette opp miljøskadane påført Sognefjorden.

Den verste utbygginga er Førde – Matrevassdraget der alt vatn frå Sognesida er ført over til Matre i Masfjorden. Denne konsesjonen kjem snart til revisjon. Kystpartiet har no høyrt rykte om at BKK har planar om å lage eit nytt kraftverk frå hovudbassenget Stølsvatn, der fallet tidlegare ikkje har vore fullt utnytta ved overføringa til Matre. Vil NVE no syte for at dette nye kraftverket blir innretta slik at vatnet frå Stølsdalen kjem attende til Ikjefjorden og Sognefjorden der dette vatnet høyrer til?

## Budsjett 2011 – Høyre-visjoner og Ap sin visjon

**OSCAR BERGHEIM**
Bystyremedlem, Ap

Før jul hadde jeg et innlegg i Firdaposten om Høyre sin visjon. Det er ikke tvil om at enkelte sliter med å finne den, og Høyre gjør det ikke spesielt enklere å finne den. Jeg fikk et svar signert Berit Seljeseth Osa og Tore Jakob Madsen, som jeg velger å kalle «Osa-fraksjonen». I neste nummer kommenterte Bengt Solheim-Olsen og Jacob Nødseth Høyre sitt budsjettforslag. Dette innspillet velger jeg å si at kommer fra «Jacob-fraksjonen», slik at de enkelt kan skilles. I «Osa-frasjonen» sitt innlegg blir det gjort et poeng av at det siden 2006 har vært en årsverksøkning i Flora kommune på 115, og at det nok ikke er annet valg fremover enn å redusere antall årsverk. «Dette har vi ikke råd til». Samtidig sier «Jacob-fraksjonen» at omsorgssektoren er dramatisk underbemannet. «Vi trenger flere hender i eldreomsorgen».

Det ble fra Høyre i bystyret skissert to alternative løsninger på å redusere kostnader; A: Samlokalisere flere ressurskrevende brukere og B: La barnevernet vente lenger med å ta barn ut av hjem som ikke fungerer, og dermed spare penger til fosterhjem. Dette punkt B er så uhyrlig at det knapt kan være sant, så med all respekt; det lar vi ligge.

Samlokalisering er ikke noe nytt i Flora kommune, boligene i Skridsholsgata som nylig ble åpnet er et eksempel på dette. Og Arbeiderpartiet er ikke uvillig til å se på gode tiltak, og i vedtatt budsjett ligger det nettopp en forutsetning om at vi vil vurdere PU-området. Helse- og sosialutvalget får dette som sak tidlig på nyåret. Men det er ikke ønskelig å sette i gang med å bygge store institusjoner, det hører fortiden til. Så kan det være greit å vite hva som er riktig: Flora kommune sin andel er ca. kr 860.000 + 20 prosent av overskytende pr. bruker. Resten av regningen tar staten.

Det høres også ut som om omsorgssektoren er nedprioritert de siste årene, spesielt hvis vi hører på «Jacob-fraksjonen». Nok en gang prøver Høyre å feilinformere, denne gang sågar Høyre sin ordførerkandidat. Fakta er at sittende bystyre har vært villig til gang på gang å utvide rammene til «Helse og omsorg». Vi minner oss om at dette omfatter ikke bare drift av sykehjemmene, men også hjemmehjelp og PU-tjenesten. Ser vi på de tørre tall, så har sektoren økt fra 125,6 millioner i 2008 til 152,4 millioner som prognose for 2010. Regulerer vi med pris- og lønnsvekst i perioden (4 prosent pr. år), så vil sektoren ha økt fra 135,8 millioner 2010-kroner i 2008 til 152,4 millioner i 2010. Det gir en realøkning på 12 prosent.

Det er også en kjensgjerning at Høyre la frem et investeringsbudsjett for 2011 som var høyere en både Rådmannen sitt og Samarbeidspartiene sitt. "Vi skal være kritiske til fremtidige investeringer", sier «Osa-fraksjonen». Og vi er helt enig, og reduserte derfor investeringsbudsjettet fremlagt av rådmannen. Investeringer innen omsorg er helt sikkert fornuftig, men ligger innenfor helse- og omsorgsplanen.

«Osa-fraksjonen» etterlyser visjonene i Arbeiderpartiet. Arbeiderpartiet holder i disse dager på å lage program for neste bystyreperiode. Der vil vi være tydelig på hva vi ønsker å få til i neste periode. Men jeg kan forsikre om at Arbeiderpartiet vil være gjenkjennbart. Vi ser det som et stort ansvar å forvalte verdiene i kommunen til beste for innbyggerne. Og da skal vi være kritiske til hva vi bruker dem til. Som det blir hevdet, så har Arbeiderpartiet sittet ved roret i snart 20 år. Og hvilken utvikling har vi ikke opplevd i Flora kommune på de årene? De som har bodd i Flora kommune disse årene vet sikkert hva jeg tenker på. Folketallet har økt jevnt og trutt hele perioden, ikke akkurat et tegn på stagnasjon. Kommunen kan ikke opprette nye private arbeidsplasser, men vi kan legge til rette for det. Det har vært en stor utvikling på Fjord Base, kommunen er blitt en stor oppdragskommune, vi har fått helikopterbase og Ewos er blitt en stor arbeidsplass. I tillegg har de fleste skoler blir opprustet, barnehager blitt bygget, sentrum har fått en ansiktsløfting og omsorgsinstitusjonene er rustet opp og nye omsorgsboliger bygget. Listen er lang. Og i dette ligger Arbeiderpartiet sin visjon materialisert: Vi ønsker at Flora kommune skal være en god kommune å bo i med et variert arbeidsliv og gode tilbud til innbyggerne. Og da er jeg trygg på at folketallet også vil øke i årene fremover, en god indikator på en god politikk.

**STREIF** **Havrøya**




***RYDDEJOBB**: Stadt Sjøtransport er no i ferd med å rydde området på Havrøya i Florø. Foto: privat*